

Fylkesmannen i Rogaland

Dato	Saksbehandler	Vår ref.	Deres ref.
22.06.2016	Solfrid Løvbrekke Handeland	16/191 - 14	

Vedtaksbrev sak 064/16 Framtidig kommunestruktur- endeleg tilråding frå Sauda kommune

Vedlagt følger vedtak.

Vedtaket kan påklages til kommunen. Klagefristen er 3 uker regnet fra den dagen brevet kom frem til adressaten. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt innen fristens utløp.

Klagen skal sendes skriftlig til den instansen som har truffet vedtaket. Angi vedtaket det klages over, den eller de endringer som ønskes og begrunnelse for klagen.

Vennlig hilsen

Solfrid Løvbrekke Handeland
politisk sekretær/fagleder Kundetorget

224321	Rapport_Sauda_innbyggerundersøkelse_april2016	22.06.2016
224323	Resultattabeller til Sauda_innbyggerundersøkelse_april2016	22.06.2016
222202	Framtidig kommunestruktur-endeleg tilråding frå Sauda kommune	22.06.2016
215876	Kommunereform - høringsuttalelse fra Eldreråd, Ungdomsråd og Funksjonsnedsettes Råd	22.06.2016
216152	Høringsuttalelse til kommunestruktur for Sauda	22.06.2016
216153	Høringsuttalelse til kommunestruktur fra Utdanningsforbundet Sauda	22.06.2016
216198	Høyring-kommunestruktur	22.06.2016
216390	Kommunesammenslåing - høringsuttalelse fra Sauda Eldreråd, Funksjonsnedsettes Råd og Sauda Ungdomsråd	22.06.2016
217353	Innbyggjarundersøking i samband med kommunereform	22.06.2016
217355	INNBYGGERUNDERSØKELSE	22.06.2016
214845	Rapport VESS 2016	22.06.2016
214846	Utgreiing av Sauda kommune som fortsatt eigen kommune 2016	22.06.2016

Andre mottakere:

Fylkesmannen i Rogaland

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
	Administrasjonsutvalget	PS	
008/2016	Arbeidsmiljøutvalget	PS	07.06.2016
053/2016	Formannskapet	PS	08.06.2016
064/2016	Kommunestyret	PS	22.06.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Wictor Juul	K1 - 001, K1 - 002	16/191

Framtidig kommunestruktur- endeleg tilråding frå Sauda kommune

Forslag til vedtak:

Sauda kommunestyre ber fylkesmannen om å tilrå Sauda som eigen kommune.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet 08.06.2016

Sauda kommunestyre ber fylkesmannen om å tilrå Sauda som eigen kommune. Vedtatt mot 1 stemme. Knut Atle Seim, H stemte mot.

Sauda kommunestyre er positive til å gå i dialog med fylkesmannen om grenseutvidingar, dersom det skulle vera aktuelt.

Enstemmig vedtatt.

Slik situasjonen er i dag, med tanke på moglegheiter for kommunikasjon mellom Sauda og kringliggende kommunar, ser me diverre ikkje kommunesamanslåing som gjennomførbart. Vedtatt mot 1 stemme - Knut Atle Seim, H.

Formannskapet - 053/2016

FOR - behandling:

Slik situasjonen er i dag, med tanke på moglegheiter for kommunikasjon mellom Sauda og kringliggende kommunar, ser me diverre ikkje kommunesamanslåing som gjennomførbart.

Vedtatt mot 1 stemme. Knut Atle Seim, H stemte mot forslaget.

Sauda kommune ber Fylkesmannen tilrå at Sauda blir slått saman med nabokommunene Suldal, Etne og Vindafjord.

Forslaget falt mot seks stemmer. Knut Atle Seim, H stemte for forslaget.

Sauda kommunestyre er positive til å gå i dialog med fylkesmannen om grenseutvidingar, dersom det skulle vera aktuelt.

Enstemmig vedtatt.

Følgende representanter tok ordet i saken:

Kristine Espeland Rafdal, SP

Knut Atle Seim, H

Asle Rafdal, AP

Asbjørn Birkeland, SP

FOR - vedtak:

Sauda kommunestyre ber fylkesmannen om å tilrå Sauda som eigen kommune. Vedtatt mot 1 stemme. Knut Atle Seim, H stemte mot.

Sauda kommunestyre er positive til å gå i dialog med fylkesmannen om grenseutvidingar, dersom det skulle vera aktuelt.

Enstemmig vedtatt.

Slik situasjonen er i dag, med tanke på moglegheiter for kommunikasjon mellom Sauda og kringliggende kommunar, ser me diverre ikkje kommunesamanslåing som gjennomførbart. Vedtatt mot 1 stemme - Knut Atle Seim, H.

Kommunestyret - 064/2016

KOM - behandling:

Sauda kommunestyre ber fylkesmannen om å tilrå Sauda som eigen kommune.

Sauda kommunestyre er positive til å gå i dialog med fylkesmannen om grenseutvidingar, dersom det skulle vera aktuelt.

Slik situasjonen er i dag, med tanke på moglegheiter for kommunikasjon mellom Sauda og kringliggende kommunar, ser me diverre ikkje kommunesamslåing som gjennomførbart.

Punkt 1.

Sauda kommunestyre ser på noverande tidspunkt ingen moglege løysingar på samanslåing med nabokommunar, mellom anna fordi dei aktuelle kommunane ikkje ønsker å gå vidare med ein slik prosess om sammenslåing med Sauda. Sauda kommunestyre ber derfor fylkesmannen om å tilrå Sauda som eigen kommune.

Sauda kommunestyre er positive til å gå i dialog med fylkesmannen om grenseutvidingar dersom det skulle vera aktuelt. Falt mot 4 stemmer. Katrine Skorpe, Dagfinn Birkeland og Solfrid Seim Nilsen, Høyre og Ivar J. Handeland, SP

Punkt 2.

Kommunestyret ber rådmannen arbeida vidare med saken om kommunesammenslåing og tar initiativ til å sette ned ei arbeidsgruppe samansett av personar frå næringslivet, kommuneansatte, politikere og privatpersonar i fleire aldersgrupper.

Falt mot 4 stemmer. Katrine Skorpe, Dagfinn Birkeland og Solfrid Seim Nilsen, Høyre og Ivar J. Handeland, SP

Punkt 3.

Vidare oppfordrer Sauda kommunestyre alle nabokommuner om å gjere det samme, slik at arbeidsgruppene kan ha ein felles agenda på tvers av kommunane. Målet er at arbeidsgruppene kan arrangera nye nabopratmøter for å diskutere positive og negative effekter, moglege og ikkje moglege løysingar på dei utfordringar ein kan møte i ein eventuell ny prosess om kommunesammenslåing, anten den er frivillig eller påkrevd. Falt mot 4 stemmer. Katrine Skorpe, Dagfinn Birkeland og Solfrid Seim Nilsen, Høyre og Ivar J. Handeland, SP

Følgende representanter tok ordet i saken:

- Kristine Espeland Rafdal, SP
- Asle Rafdal, AP
- Ivar Johannes Handeland, SP
- Katrine Skorpe, H
- Kristian Landro, KrF
- Dagfinn Birkeland, H

- Asbjørn Birkeland, SP

Det ble innvilget 5 minutter etter anmodning fra AP.

KOM - vedtak:

Sauda kommunestyre ber fylkesmannen om å tilrå Sauda som eigen kommune.

Sauda kommunestyre er positive til å gå i dialog med fylkesmannen om grenseutvidingar, dersom det skulle vera aktuelt.

Slik situasjonen er i dag, med tanke på moglegheiter for kommunikasjon mellom Sauda og kringliggende kommunar, ser me diverre ikkje kommunesamanslåing som gjennomførbart.

Vedtatt mot 4 stemmer. Katrine Skorpe, Dagfinn Birkeland og Solfrid Seim Nilsen, Høyre og Ivar J. Handeland, SP stemte mot.

Vedlegg:

Innbyggjarundersøking i samband med kommunereform

INNBYGGERUNDERSØKELSE

Kommunesammenslåing - høringsuttalelse fra Sauda Eldreråd, Funksjonsnedsettes Råd og Sauda Ungdomsråd

Høyring- kommunestruktur

Høringsuttalelse til kommunestruktur for Sauda

Høringsuttalelse til kommunestruktur fra Utdanningsforbundet Sauda

Kommunereform - høringsuttalelse fra Eldreråd, Ungdomsråd og Funksjonsnedsettes Råd

Saksopplysninger:

Føremål med saka

Føreslå for

Samandrag

Frå vinteren 2014 har heile kommune-Noreg vore oppteken av framtidig kommunestruktur.

Kommunestyret i Sauda har gjort fleire vedtak i saka, og det har vore gjennomført høyring, informasjonsmøte og innbyggjarundersøking. I denne saka blir prosessen avslutta med eit framlegg til vedtak som skal sendast Fylkesmannen innan 1. juli.

Lover og reglar

Kommunelova, inndelingslova.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Økonomiske konsekvensar

Det har versert fleire tal på økonomiske konsekvensar. I dei siste oversiktene som KS har berekna vil Sauda tape om lag 0,5 millionar kroner mindre enn i dag om me vel å fortsetta som eigen kommune. Samstundes gir regjeringa signaler om at det ikkje er heilt klart korleis inntektssystemet til kommunane vert innretta. Det er tydelege signal om at dei små kommunane som friviljug vel å stå åleine, ikkje kan rekna med same «gode» økonomiske tilhøve som no. I tillegg er det mange signal om mulig endringar i skatte systemet. Desse ser ikkje ut til å slå positivt ut for Sauda. Også konsesjonskrafa er under press. Det skal løna seg å slå seg saman, det kan sjå ut som om det er dei friviljuge små kommunane som til slutt må betala for reforma.

Fakta

Etter stortingsvalet i 2013 vart det starta eit arbeid med å endra kommunestrukturen og våren 2014 blei det vidare arbeidet med prosessen gjort tydeleg med eit breitt forlik i stortinget. Mellom mulige samarbeidskommunar vart det gjennomført samtalar om framtidig kommunestruktur direkte og i dei såkalla grannemøta mellom Etne, Vindafjord, Suldal og Sauda.

Prosessen i Sauda

I Sauda vart det gjort eit vedtak i formannskapet i mars 2015. I formannskapssak 23/2015 vart det gjort vedtak om å utreda følgjande alternativ:

1. Sauda åleine som i dag
2. Suldal og Sauda
3. Sauda og Vindafjord
4. Sauda, Vindafjord og Etne
5. Sauda, Suldal, Vindafjord og Etne

Av desse mulige konstellasjonane var det berre alternativ 5 som aktuelle kommunar gav tilslutning til å utreda. Det vart gjort utredningar av dei to aktuelle konstellasjonane, det såkalla nullalternativet og Vindafjord, Etne, Suldal og Sauda (VESS alternativet). Utredningane enda opp i to rapportar som vart lagt ut til høyring 1. mars. Høyringsfristen vart satt til 30. april 2016. Den eine rapporten omhandla VESS alternativet og den andre Sauda som eigen kommune, det såkalla nullalternativet.

I formannskapssak 30/2016 blei det vedtatt å gjennomføre eit folkemøte og ei innbyggjarundersøking.

Det vart gjennomført eit informasjonsmøte for interesserte innbyggjarar i april. Innleiari var fylkesmannen sin prosessleiar A. Rosnes. Innbyggjar undersøkinga vart gjennomført frå 11. april.

Folkemøte

Rundt 60 personar møtte opp på informasjonsmøtet. Det var spørsmål og innlegg for fleire alternativ.

Høyringsuttaler

Desse er vedlagte men kan summerast slik:

Sauda venstre: Ynskjer noverande kommunestruktur, men dette kan bli endra om Norstødalsvegen blir realisert.

Utdanningsforbundet: Stor skepsis til kommunesamanslåing. Dei viser til negative konsekvensar når det gjeld skule i Danmark

Eldrerådet: Anbefaler ikkje endringar i kommunestrukturen for Sauda sin del.

Ungdomsrådet: Delt, men ønsker folkerøysting

Råd for funksjonsnedsette: Ikke positiv til VESS samarbeid, men positiv til å utvikle ein større indre region ved at Suldal og Sauda slår seg saman. Ønsker folkerøysting.

Innbyggjarundersøking

51% er tydelege på VESS ikkje er noko alternativ 18% vurderer det som ein mulig løysing og 29% som ønskeleg eller svært ønskeleg.

Når det gjeld andre alternativ er det alternativet Suldal og Sauda som får størst tilslutning. 22% meiner at ei slik samanslåing kan vera aktuell, 25% meiner at den er ønskeleg og 17% meiner at den er svært ønskeleg.

Alternativet Sauda, Suldal og Hjelmeland får liten oppslutning.

80% hadde vore meir positiv til ei samanslåing av Etne og Sauda om tunell mellom kommunane vert realisert.

Undersøkinga syner også at innbyggjarane i Sauda er oppteken av nærleik til det kommunale tenestetilbodet. 84% ser kort avstand til lege som svært viktig 10% ser på dette som ganske viktig. Når det gjelder skole, barnehage, helsestasjon og sjukeheim meiner over 90% av dei spurde at dette er ganske viktig eller svært viktig. Kort avstand til barnevern meiner 56% er viktig. Over 45% meiner at det er ganske eller svært viktig med kort veg til rådhus og byggesakshandsamar.

Når det gjelder kjennskap til kommunereforma så variere dette noko, men eit fleirtal er kjent med reforma. Samstundes er det under 10% som kjenner reforma svært godt. Dette gjeld nasjonalt og lokalt.

Sauda som eigen kommune.

Fylkesmannen har i siste rundskriv lagt vekt på at kommunar som vel å stå aleine må skildra korleis dei kan gjera dette i eit 20-30 årsperspektiv. Rådmannen legg ikkje opp til å visa dette, men vil ta fram ein oversikt over utfordringar ved å fortsetta som eigen kommune. Denne oversikta står i rapporten om nullalternativet. Rådmannen vil kommentera korleis ein kan arbeida for å møta desse utfordringane.

Arbeidskraftutfordringa:

Det vil koma store rekrutteringsbehov, særleg innafor typiske kommunale yrke i helse og oppvekst, kombinert med auka konkurransen om arbeidskraft. Sauda er nøyd til å gjera seg attraktiv gjennom gode tenester innafor oppvekst, samtidig som kommunen prioriterer tilbod som gjer at familiær fortset med å bu i kommunen. Kulturelle tilbod som t.d. kino, bibliotek, arrangement, svømmehall og ute basseng samt attraktivt sentrum blir alle viktige. I utgangspunktet er dette tilbod som Sauda har, dei bør prioriterast i framtida.

Samtidig er eit totalt jobbtilbod viktig. Sauda bør satsa på nytt næringsliv i tråd med arbeidet i omstillingsprosjektet. Mulige område er reiseliv og kan hende datasenter. I tillegg kan det være ein strategi å satsa på offentlige kontorer, t.d. som NAV forvaltning.

Vidare arbeid med våre unge som studerer eller er i arbeid i andre kommunar må fortsetta. Desse er det lettast å rekruttera til å busette seg i Sauda.

Arbeidsinnvandrarar og busette flyktningar kan være aktuelle for vidare busetting og

arbeid i Sauda. Eit godt arbeid med denne gruppa kan gje nye arbeidstakrarar.

Kompetanseutfordringa:

Det viktigaste svaret på denne utfordringa er interkommunalt samarbeid. I utgangspunktet er det naturleg å tenke med Suldal, men også saman med kommunane Vindfjord og Etne er det mulig å få til eit samarbeid når det gjeld kompetansekrejkande tenester.

Økonomiutfordringa:

Sauda har mange gode tenester og ligg tradisjonelt over landsgjennomsnittet på utgifter til tenesteyting om ein ser på KOSTRA. Dei siste åra har det vore ei tilpassing, men framleis er kostnadane rimeleg høge i kommunen. Det ligg med andre ord eit innsparingspotensiale her. Ei slik innsparing må ta til fra 2017. Vert kommunen ståande aleine vil det vera naudsynt å ha ein god og «robust» økonomi. Ein bør arbeida politisk om faste kriterier som skal gjelda når ein arbeider med budsjettet i Sauda. Det vil vera naudsynt å redusera talet på tilsette og slik også nivået på tenestane. Kanskje må me ta ein ny debatt om skulestruktur, heimetenester kontra heildøgns omsorgsbustad og om me skal velja å konkurransesettha deler av verksemda? Me veit at inntektene me får frå kraftproduksjon er under press så kan henda får me ikkje fortsetta med så gode inntekter som me har i dag. I dag finansierer me 30% av drifta med kraftinntekter.

Utviklingsutfordringa

Sauda vil oppleve at me får fleire og fleire eldre. Desse krev like gode tilbod som dagens eldre, kanskje betre. For å møta utfordringa må me utvikla tenestene våre, like gode tenester men med færre hender må me ha som mål. Dette vil krevja ein fleksibel kommunal organisasjon, tett samarbeid med andre kommunar, men og samarbeid med friviljuge og næringsliv. Dette gjeld i utvikling av teknologi og system, men kanskje også når det gjelder tenestetilbod. Regionen må få til ei samordning av utviklingsarbeid og forpliktande regional planlegging. Slikt arbeid er utfordrande i ein region kor Sauda bli ein liten kommune. Vårt fortrinn kan vera omstillingstakt og innovasjon.

Generalistutfordringa

Me vil slita med å ha kompetanse på alle aktuelle område. Interkommunalt samarbeid kan vera løysinga her som når det gjeld kompetanse generelt.

Demokratiutfordringa

For Sauda vil dette bli ei utfordring etterkvar som med utviklar eit naudsynt omfattande interkommunalt samarbeid. Interkommunale selskap kan vera mindre demokratiske enn vanlege kommunale tenester. Det er ikkje slik at alt samarbeid treng å være gjort av interkommunale selskap, kommunelova opnar for fleire typar samarbeide, fleire av desse er demokratisk styrte. Interkommunale selskap har også eit styre som er vald av kommunestyra i samarbeidskommunane, i tillegg har mange eit representantskap med ordførarar som medlemmer.

Den største demokratiutfordringa som er valdeltaking ha me så langt ikkje hatt i Sauda. Det er heller ikkje noko automatikk i at valdeltaking er større i store kommunar.

Kommunikasjon

Mange av utfordringane Sauda kommune har kjem ikkje som følgje av at kommunen er liten. Hovudproblem er kommunikasjon. Det er lang veg til bysentra, men avstanden til Stavanger minkar og vil minke enno meir når Ryfast kjem. Ei utbetring av vegen til Haugesund vil og gjera det lettare å reisa til og frå Sauda. Det som er ei utfordring og som

me saman med regionane må arbeida med, er utvikling av kollektiv trafikken. Per dato kan det verka som om innbyggjarar utan bil ikkje bør busetta seg i Sauda. Kortare reisetid til Haugesund og Stavanger er innan rekkevidde, å reisa strekninga kollektivt bør og bli det.

Aktuelle grensejusteringar.

Per dato har rådmannen i Suldal signalisert at det er naturleg at Hylsstronda vert høyrande til Sauda. Dette er Sauda rådmannen samd i. Fjorden som før var kommunikasjonsåra er no eit hinder i kommunikasjonen. At Suldal har ansvar for tenester i ei bygd som gjer at tenesteytarar må køyra 8- 9 mil for å gje tenesta er ikkje heilt rasjonelt. Mange Saudabuer har sagt at Hylsstronda bør høyra til Sauda, frå administrasjonen si side vil me ta godt i mot innbyggjarane på Hylsstronda. Når det er sagt er dette spørsmålet slik rådmannen ser det eit spørsmål for Suldal og politikarane i Suldal i første rekke.

Vurdering og konklusjon

Sauda er ein liten kommune. Riktig nok er me på storleik med ein gjennomsnittet i Noreg, men i høve til ekspertutvalet si innstilling bør ein «robust» kommune ha 15- 20 000 innbyggjarar:

Tilstrekkelig kapasitet, relevant kompetanse, tilstrekkelig distanse, effektiv tenesteproduksjon, økonomisk soliditet, valfridom, funksjonelle samfunnsutviklingsområde, høy politisk deltaking, lokal politisk styring og lokal identitet, er dei kriteria ekspertutvalet meiner ein «robust» kommune skal målast på.

Som me har sett i sakutgreiinga vil Sauda få mange utfordringar med å stå aleine. For å møta utfordringane kommunen har og vil få, hadde ei samanslåing med andre kommunar til ei større eining, etter rådmannen si meining, vært fornuftig.

Opp mot desse vurderingane står folkemeininga uttrykt gjennom høyringsuttaler og innbyggjarundersøking. I tillegg er Sauda ein kommune med høg politisk deltaking, kommunen har lokal politisk styring og den lokale identiteten er tydeleg. Dette er tre kriterier som kan bli ei stor utfordring i ein ny og større kommune. Det er også lang reisetid til andre senter, særleg når me mest er utan kollektivtransport og med strekningsvise därlege vegar.

Det er også eit faktum at nabokommunane våre så langt ikkje har signalisert at dei ønsker å slå seg saman med Sauda.

Sauda får, slik rådmannen ser det, store utfordringar på fleire område ved å fortsetta som ein eigen «liten» kommune. Desse utfordringane må me møta gjennom arbeid med utvikling og omstilling. I praksis gjennom budsjettarbeid, kommuneplanlegging og aktiv rekrutteringspolitikk. Kommunen må driftast meir effektivt for å behalda kapasitet og redusera kostnader, investeringsnivået må vera håndterbart. I tillegg må me arbeida med næringsutvikling for å sikra arbeidsplassar og slik innbyggjartalet. Interkommunale løysingar på kompetansekrejfjande område vil vera naudsynte.

Sauda identiteten er tydeleg og sterkt, innbyggjarane er engasjerte i bygda si, me gjer ting i saman. Rådmannen trur at identiteten og engasjementet kan fortsetta om me slår oss samane i ein større kommune, men han trur ikkje at identitet og engasjement naturleg utviklar seg om me slår oss saman med andre. Det er ein risiko at avstand til politiske prosessar kan gjera identiteten svakare

og engasjementet mindre.

Sjølv om det er svært mange gode argument for å laga større kommunar, er det mange utfordringar med å skipa vellukka store einingar og. Når innbyggjarane syner så stor skepsis vert det rådmannen si vurdering å tilrå kommunestyret å be fylkesmannen om å sjå på Sauda som eigen kommune. Dette vert ikkje gjort utan å sjå utfordringane.

Skal me stå aleine må me lykkast med å formidla Sauda som ei bygd kor fleire enn 5000 vil realisera sine livsdraumar og ta del i strofene frå Saudasongen: ...*det e her me liga oss best*, ...*det e her me føle oss fri*, ...*det er her me hørre te*, ...*det e her me helst vil bu*.

Sauda, den 23.05.2016

Wictor Juul, rådmann